

Saksprotokoll

Områderegulering Tuv sentrum - 2.gongs handsaming og eigengodkjenning

Arkivsak-dok. 17/00297
Saksbehandler Kinga Bobinska

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for Plan og Ressurs	10.12.2019	82/19
2 Kommunestyret	17.12.2019	126/19

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal kommunestyre godkjenner i samsvar med §§ 12-12 i plan- og bygningslova områdereguleringsplan for Tuv sentrum (2017003) med endringar som går fram av:

1. Føresegna med forslag til endringar
2. Plankart med føreslåtte endringar

Administrasjonen får fullmakt til å endre plandokumenta ift. endringar som går fram av vedtaket fatta av kommunestyret ved eigengodkjenning av planen.

Hovudutval for Plan og Ressurs har behandla saka i møte 10.12.2019 sak 82/19

Behandling

Olav Syversbråten (Ap) stilte spørsmål om sin habilitet grunna at han er søskenbarn med Tronn Inge Tuv som har ein merknad til planen. Utvalet vurderte Olav Syversbråten som habil i saka.

Anders Snildal stilte spørsmål om sin habilitet grunna nært vennskap med ein person som leiger bustad på BT1. Utvalet vurderte Anders Snildal samrøystes som habil.

Dokument sendt administrasjonen v/ Ola K. Frogner 07.12.2019 frå Tronn Inge Tuv vart tatt opp på skjerm og lest gjennom av utvalet før behandlinga av saka.

Framlegg frå Steinar Bleken (V):

- Utnyttingsgrad for området K1 økes til 64% BYA slik at tidlige planlagte bygg før reduksjon av tomtearealet, pga. endrede krav fra Statens vegvesen om fortau/busslomme, kan bygges.
- Utvalget legger til protokolltilførsel: Utvalg for plan- og ressurs ønsker at det i planstrategien tas opp spørsmål om ytterligere fortetting av planområdet.

Framlegg til tillegg frå Anders Snildal (Sp):

- Forslag til endring BT1. Endre friarealet fra 10 meter til 5 meters bredde langs elva Grøndøla.

Matjord fra dyrkamark i planområdet skal ivaretas før bygging på det som i dag er dyrket mark. Kommunen utarbeider en retningslinje i planen for å ivareta dette.

Steinar Bleken (V) er saksordfører i kommunestyre.

Votering

Det vart stemt over Steinar Bleken (V) sitt framlegg til vedtak første punkt:

Utnyttingsgrad for området K1 økes til 64% slik at tidligere planlagte bygg får reduksjon av tomtearealet, pga. endrede krav fra Statens vegvesen om fortau/busslomme, kan bygges.

Punktet vart samrøystes vedteke.

Det vart stemt over Steinar Bleken(V) sitt framlegg til vedtak andre punkt:

Utvalget legger til protokolltilførsel: Utvalg for plan- og ressurs ønsker at det i planstrategien tas opp spørsmål om ytterligere fortetting av planområdet.

Punktet vart samrøystes vedteke.

Ved avstemming på dei to punkta under var det berre 6 medlemmer til stades i møte:

Det vart stemt over Anders Snildal (Sp) sitt framlegg til vedtak punkt ein:

Forslag til endring BT1. Endre friarealet fra 10 meter til 5 meters bredde langs elva Grøndøla.

Framlegget falt og fekk ei stemme (1xSp) Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 stemmer, og vart vedteke.

Det vart stemt over Anders Snildal sitt framlegg til vedtak punkt to:

Matjord fra dyrketmark i planområdet skal ivaretas før bygging på det som i dag er dyrket mark.

Kommunen utarbeider en retningslinje i planen for å ivareta dette. Punktet vart samrøystes vedteke med 6 stemmer.

Det vart stemt over rådmannen sitt framlegg til plan. Rådmannen sitt framlegg til plan med endringar vedteke i møte, samt forslag til protokolltilførsel vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hemsedal kommunestyre godkjenner i medhald av §§ 12-4 og 12-12 i plan- og bygningslova reguleringsplan for Tuv sentrum (2017003) med endringar som går fram av:

1. Føresegna med forslag til endringar
2. Plankart med forslag til endringar
3. Utvalet sine framlegg til endringar vedteke i møte:
 - Utnyttingsgrad for området K1 økes til 64% slik at tidligere planlagte bygg får reduksjon av tomtearealet, pga. endrede krav fra Statens vegvesen om fortau/busslomme, kan bygges.
 - Matjord fra dyrketmark i planområdet skal ivaretas før bygging på det som i dag er dyrket mark. Kommunen utarbeider en retningslinje i planen for å ivareta dette.

Administrasjonen får fullmakt til å endre plandokumenta ift. endringar som går fram av vedtaket fatta av kommunestyret ved eigengodkjenning av planen.

Protokolltilførsel: Utvalg for plan- og ressurs ønsker at det i planstrategien tas opp spørsmål om ytterligere fortetting av planområdet.

